

## MØTEBOK

<b>Organ</b>	<b>Fylkesutvalet</b>
<b>Møtestad</b>	<b>Førde - Scandic Sunnfjord Hotel &amp; Spa</b>
<b>Møtedato</b>	<b>12.10.2015</b>
<b>Kl.</b>	<b>17.10 – 19.00</b>

**Faste medlemer til stades:**

**Åshild Kjelsnes, Ap**  
**Nils P. Støyva, Ap**  
**Jenny Følling, Sp**  
**Anders Ryssdal, Sp**  
**Karen Marie Hjelmeseter, Sp**  
**Noralv Distad, H**  
**Frank Willy Djuvik, Frp**  
**Marit Barsnes Krogsæter, V**  
**Trude Brosvik, Krf**

**Til stades med møte- og talerett:**

**Tore Eriksen**

**Sekretariat for møtet:**

**Knut Henning Grepstad**

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Fylkesutvalet vedtok at sak nr. 102/15 punkt 3 vert handsama for lukka dører, jf. kommunelova § 31, nr. 5

Møtebok frå 30. september 2015 vart godkjend utan merknader.

Fylkesrådmannen orienterte om varsla brev frå Vegdirektoratet om mogleg omgjerung av fylkesveggar til riksveggar med varsla svarfrist 15. november 2015.

**SAK 101/15 Vedtak av planprogram for rullering av Fylkesdelplan arealbruk i Sogn og Fjordane**

**VEDTAK:**

1. Fylkesutvalet vedtek Planprogram for revisjon av fylkesdelplan for arealbruk, datert 04.10.15, i samsvar med Plan- og bygningslova § 8-3.
2. Fylkesrådmannen får mynde til å kjøpe inn konsulentbistand for å gjere naudsynte utgreingar i planarbeidet.
3. Kostnadane ved planarbeidet skal skje innafor gjeldande budsjetttrammer. Kostnadane vert dekka frå tenestekområde 7151.

-----

**SAK 102/15 Skriv og meldingar fylkesutvalet 12. oktober 2015**

**Følgande skriv og orienteringar vart handsama:**

- 1: Framlegg til program for opplæring for folkevalde 2015-2019

**VEDTAK:**

Det vert organisert opplæring for folkevalde 23. og 24. november med følgende tema:  
Økonomi  
Praktiske forvaltningsspørsmål  
Folkevalde sine kontaktpunkt i administrasjonen  
Regionreforma

-----//-----

- 2: Om rolla til petroleumsrådet og satsing på petroleum i Sogn og Fjordane
- 3: Eigarskapsak *Ikkje offentleg, OfI §23.4*

**VEDTAK:**

Det vert gjennomført slik prosess for politisk handsaming vedkommande framtidig eigarskap i Fjord1 AS:

20. oktober: orientering til fylkestinget
12. november: fylkesrådmannen legg fram si tilråding.
16. november: fylkesutvalet gjev si tilråding
23. november: fylkestinget tek avgjerd i saka

-----

**SAK 103/15 Kostnad med naudnett i fv. 55 Høyangertunnelen**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

Det vert ikkje lagt til rette for etablering av naudnett og DAB-radio i samband med utbetringa av Høyangertunnelen.

**Endringsframlegg:**

**Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti** sette fram slikt framlegg til vedtak:

Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:

Det vert lagt til rette for etablering av naudnett og DAB-radio i samband med utberinga av Høyangertunnelen. Tiltaket vert finansiert med 20 millioner kroner av posten for vedlikehald av fylkesvegnettet.

**Avrøysting:**

Åshild Kjelsnes, Nils P. Støyva, Noralv Distad, Frank Willy Djuvik, Marit Barsnes Krogsæter og Trude Brosvik røysta for framlegget frå Høgre, Framstegspartiet, Venstre og Kristeleg Folkeparti. Jenny Følling, Anders Ryssdal og Karen Marie Hjelmeseter røysta for framlegget frå fylkesrådmannen.

**Dette gir følgjande VEDTAK:**

**Fylkesutvalet rår fylkestinget til å gjere slikt vedtak:**

Det vert lagt til rette for etablering av naudnett og DAB-radio i samband med utberinga av Høyangertunnelen. Tiltaket vert finansiert med 20 millioner kroner av posten for vedlikehald av fylkesvegnettet.

-----